

INTENSJONSAVTALE
MELLOM
STATENS VEGVESEN REGION VEST / BANE NOR
OG
NN

1. BAKGRUNN

Statens vegvesen region vest (SVV) og Bane NOR (BN) planlegg fellesprosjektet E16 og Vossebanen Arna-Stanghelle. Dei nye løysingane for veg og jernbane er i stor grad tunnelar. Samla overskot av steinmassar i prosjektet er i storleik 10-11 mill. pam3 (volum målt i fylling).

Som ein del av planarbeidet har SVV/BN invitert private og offentlege aktørar til å melde interesse for steinmassene. **NN** si interesse er dokumentert ved «Interessemelding, Arna-Stanghelle» av **dato** og tilbakemelding frå SVV/BN, jfr. epost av **dato**

2. FORMELLE FORHOLD

Gjennomføring av prosjektet E16 og Vossebanen Arna-Stanghelle er avhengig av politiske vedtak før ein endeleg kan fastsetje tid for gjennomføring og omfang.

Mottakar **NN** gjennomfører/vil gjennomføre reguleringsplanprosess for sitt tiltak, og forventar at reguleringsplan vert vedteken **mnd/år**.

NN er, som SVV/BN, avhengig av finansiering for alle investeringsobjekt.

3. ELEMENT I ENDELEG AVTALE

Om det vert inngått ein endeleg avtale, skal denne baserast på prognosar for masseleveransar i rullerande 6-månaders periodar med leveringsplan pr. månad. SVV/BN skal normalt framleggje leveringsplanar for den enkelte månad, seinast 30 dagar før månadens slutt.

NN skal på bakgrunn av framlagte planar frå SVV/BN, dimensjonere kapasitet på mottak av steinmassar, slik at det ikkje skapar forseinkingar i produksjon/framdrift.

Det vert lagt til grunn at grensesnittet mellom SVV/BN og NN er som følgjer:

- SVV/BN sprengjer laus fjellmassane og transporterer massane til nærare avklara anleggsnært mellomlager og/eller kai.
- Massane vil i utgangspunktet ikkje bearbeidast før levering.
- Når endeleg avtale vert inngått skal partane einast om (minste)volum, mengde mottak per døgn, og varigheit på leveringsperiode.
- Mottakar er ansvarleg for at nødvendige planar og godkjenningar for eige tiltak føreligg før levering startar.

For avtalar som gjeld lekter-transport på sjø til relativt anleggsnære område gjeld følgjande:

- SVV/BN vil vere ansvarleg for, og koste etablering av midlertidig kai/lasteanlegg, samt opplasting. Av omsyn til rasjonell anleggsdrift og potensielt fleire samtidige mottakar, kan det vere aktuelt at SVV/BN i praksis også handterer lekter-transporten fram til godkjente deponi/tiltak. Mottakar NN dekkjer kostnadene ved transporten.

For avtalar som gjeld lengre sjøtransport med skip gjeld følgjande:

- SVV/BN vere ansvarleg for, og koste etablering av midlertidig kai/lasteanlegg, samt opplasting. Mottakar NN vil sjølv vere ansvarleg for transportmateriell (skip) og alle transportkostnader til sitt eige godkjente deponi/tiltak.
- Mottakar av massane vil vere ansvarleg for at all transport skjer i samsvar med gjeldande lover og reglar

For avtalar som gjeld transport på offentleg veg gjeld følgjande:

- Ved transport på offentleg veg vil mottakar NN vere ansvarleg for opplasting og transport frå avtalt mellomlager.
- Mottakar av massane vil vere ansvarleg for at all transport skjer i samsvar med gjeldande lover og reglar, og at eksisterande vegar, konstruksjonar ol. har tilstrekkeleg tåleevne.

4. ØKONOMISKE VILKÅR

Partane er einige om at ein endeleg avtale skal baserast på følgjande hovudprinsipp:

- NN mottek steinmassar frå SVV/BN for kr. (avtalte økonomiske vilkår).
- NN dekkjer alle kostnader med transport og eige deponi/tiltak, jfr. pkt 3.
- NN skal etter inngått endeleg avtale framskaffe ein bankgaranti som sikring for sine forpliktelsar.

Avhengig av valt løysing og bruk av massane vil SVV/BN i forhandlingar drøfte nærare detaljar knytt til grensesnittet mellom partane, og evt. økonomiske forhold.

5. FRAMDRIFTSPLAN

Endeleg avtale skal etablerast når følgjande formelle forhold er avklara:

- Byggestart for E16/Vossebanen Arna-Stanghelle er endeleg godkjent.
- Godkjent reguleringsplan for mottakar sitt prosjekt føreligg.
- Finansiering av NN sitt massemtak er avklara/godkjent
- Det er tilstrekkeleg med overskotsmassar i prosjektet. For å sikre at det er tilstrekkeleg med mottakarar i løpet av anleggsperioden kan SVV/BN inngå intensjonsavtalar på større volum enn det som er total overskotsmasse i prosjektet. Det kan i tilfelle medføre at SVV/BN ikkje kan inngå endeleg avtale om levering av massar til alle aktørar som teiknar intensjonsavtale.

Om endeleg avtale ikkje er inngått innan utgangen av 2023, opphøyrer denne intensjonsavtalen dersom partane ikkje blir einige om forlenging.

Bergen ,.....

Statens vegvesen Region vest / Bane Nor

Mottakar NN

.....

.....

Vedlegg:

1. Plankart, **NN**
2. SVV/BN, «Planprogram E16 og Vossebanen Arna-Stanghelle»
3. Notat, informasjon om bergmasse (Sweco), datert 04.02.2019
4. Interessemelding frå NN, datert **XX.XX.2019**
5. Tilbakemelding på interessemelding frå SVV/BN, datert **XX.XX.2019**